



Det er ofte travelt på Børneskaia, men kaia er i dårleg forfatning. Her er også Ugland-krana på besøk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Firmaet Safe Control har no gjennomført oppdraget med hovudinspeksjon 2010 av 10 kaiar som tilhøyrrer Kvinnherad kommune og for Børnes industrikai er konklusjonen at kaia er i dårleg forfatning.

Bruksklassen på kaia bør vurderast til å gjelda kun personbiltrafikk, skriv firmaet.

Safe Control skriv mellom anna at kaia har skader som har betydning for bæreemne og trafiksikkerheit og det har utvikla seg sidan siste inspeksjon.

Det er påvist urovekkjande sprekkar, avskallingar og armeringskorrosjon i prefabrikerte elementer som fungerer som tverrberarar/kaidekke.

Skadane er også påvist på hovudbjelkar og frontbjelke, men i betydeleg mindre omfang. Dessuten manglar redningsringen tau.

Klorid og karbonprøver bør utførast.

Spesialinspeksjon er påkrevd, med påfølgjande utbetring, anbefalar Safe Control.

Firmaet har ikkje kome med noko anslag for kva utbetringa vil kosta.

Men det er ikkje berre Børneskaia som sviktar.

Om Skålaikaia blir det til dømes opplyst at den er i bevegelse og bør stengjast for motorkøyrety.



Børneskaia har ein allsidig bruk - her til brisingbruk og tømmerlagring. (Foto: Ola Matti Mathisen)